

På ferietur med «Il Tempo Minimale».

21.07.2017



Det er berre ein slik bil i Norge.

Mange sperra nok augene opp då ei mindre utgåve av«Il Tempo Gigante» frå Flåklypa svinga inn på Spar Uskedalen fredag føremiddag. Det viste seg å vera ein hyggeleg kar frå Hurum, Knut Bovim, som var på ferietur i bilen sin, ein 1999-modell Caterham Super 7. I Norge er det berre ein bil av den utgåva så det er ikkje rart den vart lagt merke til.



[Det er ein draum for Knut Bovim å feriera i denne bilen.](#)

Knut Bovim fortalde at han hadde hatt 7-bilar av Lotus frå han var 23 år gammal. Opprinneleg var det Lotus som produserte desse bilane. Det byrja i 1957, men då dei nesten gjekk konkurs i 1973, selde dei 7-konseptet til Carterham, og Carterham Cars lagar framleis 7-bilar.

Bilen til Bovim er unik då den er ein jubileumsmodell som det berre vart laga 3 bilar av i samband med at 40-årsjubileumet for produksjon av 7-bilar vart markert. Det vart laga 2 slike bilar i 1998, og ein året etter. Det er den siste som er i Bovim si eige. Dei to andre går i England.

Bilen er spesiell ved at karosseriet er i ulakert aluminium, og det gjer at det er ein stor jobb å halda den fin, i følge eigaren. Bovim kjøpte bilen i Stavanger i mai for vel to år sidan, og han fortel at han var svært fornøgd då han kjørte heim over Suleskarfjellet, som nett var opna, med mange meter høge brøytekantar. Ei fantastisk oppleving var det!!

Med aluminiumskarosseri er bilen svært lett, 500 kg. Motoren er 150 hk. Det er eigentleg ein Ford 1600 som er bora opp mot 1800 kubikk. Bilen akselererer frå 0-100 km på litt i overkant av 4 sekund. Bovim køyrer ikkje konkurranse, men han køyrer mykje på bane på Rudskogen der bilen kjem opp mot ein fart på 200 km/t før ein sving.

Det er første gong Knut Bovim brukar bilen til ferietur, men han har lenge hatt ein draum om å gjera ein slik tur. Han har pakka telt og sovepose, og sidan han er radioamatør har han også fått plass til mykje radioutstyr. Så langt har det vore ei flott oppleving! Han har vore i Vestfold og Telemark, og no står Vestlandet for tur. I går kom han til Kvinnherad, og han bur på Solheim Turiststasjon. Gårdagen brukte han til besøk i Baroniet. I tillegg hadde han ein super dag med bading i det strålende veret. I dag hadde blitt anbefalt ein tur opp Uskedalen. Han hadde også planar om konsert på Baroniet, men før det ville han ha seg eit godt måltid på Oska. Der hadde han vore innoom også i går.

Han har bestilt rom på Solheim Turiststasjon ei natt til. Etter det reiser nok den hyggelege Hurum-mannen med den snedne og spesielle bilen vidare på opplevingsturen sin på Vestlandet.



[7-bilane](#) har blitt laga sidan 1957, og det skal til saman vera ca. 80 av dei i her i landet.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døsland